


TEMA: Skogen, sagbruket ①95, Det litterære ①152

KART: ①443

# Sagvåg



Sagvåg tidleg på 1900-talet, med oppgangssaga og skipsverven til høgre i biletet.

## KÅRAVIKA

Kåravik var opphavleg ein del av garden Horneland. Namnet har vorte knytt til sagahovdingen Horda-Kåre. Det som kan styrkje denne teorien, er at det opphavlege namnet på Føyno skippreide var Kåravika skippreide.

Liksom Orninggård har det vore embetsmenn, tollarar, prestar, futar og skrivarar som har ått Kåravika. Utover heile 1800-talet følgde den eine sorenskrivaren etter den andre. Frå den tida oppstod det folkelege namnet. Staten kjøpte garden som offisiell sorenskrivargard i 1862. Det var han til 1914, då sorenskrivaren flytta til Leirvik.

Private eigarar overtok Kåravika i 1914. Eigedomen vart oppstykkja, dels til mindre gardsbruk, dels til sommarbustader for kondisjonerte i Haugesund og Bergen.

Eksteriøret på hovudbygningen er prega av ombyggingar frå 1880-åra. Kulturhistorisk interessant er «sølvsteinen» som ligg i tunet. Det var på denne futen hamra flatt det gamle bondesølv som stordabuen var pålagde å levera inn som grunnkapital til den nye nasjonalbanken i 1816.



Forfattern  
Torborg  
Nedreås  
budde  
i mange år  
på Stord, i  
grannelaget til  
Skrivargarden  
(①154).

**Oppgangssaga, som stod på garden Valvatna sin grunn, har gjeve namn til SAGVÅG. Sagbruket er truleg bygt kring midten av 1500-talet. Staden heitte på den tida Fuglesalt, men snart er det berre tale om Saugvog.**

Også på Nysætersida av elva kom det seinare sag. Det var lågadel-folk og deira etterkomarar som åtte sagrettane. Som elles i Sunnhordland var det på 16- og 1700-talet stor trafikk av skottar og andre som kjøpte trelast i Sagvågen. I dag er det Valvatnes trelasthandel som fører tradisjonane vidare i moderne former, men framleis finst det ei gammal oppgangssag her. Sameleis står det att ein møllebygning.

Skrivargarden i «Kåravikjo».

Frå 1865 til 1968 var Sagvåg eksporthamn for svovelkis frå gruvene på Øvre Litlabø. Kisen vart frakta med båtar gjennom Storavatnet for lagring ved kaien inst i vågen. Då A/S STORDØ KISGRUBER (skipa 1907) kom i gang med stordrift, vart det bygd jernbane til nytt kaianlegg på Grunnavågsneset ved innseglinga.

På Jensaneset («et nes ved Saugvogen, hvor Jens Hanssøn hafuer sig tilbygset et støcke», 1644) kom OTTE OTTESEN i gang med skipsverv i 1825. Det var starten til OTTESEN SKIPSBYGGERI A/S, som frå hundreårskiftet til 1960-talet bygde 214 nye trebåtar, m.a. redningsskøyta «OLAV ØSTENSJØ JR.». Verksemda vart nedlagd kring 1980, men det har vore lagt ned mykje arbeid for å sikra anlegget og området som kulturminnemiljø. □

